

Sakspapir

| | | |
|--------------------------|------------------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
| Marianne Aadland Sandvik | Gbnr - 10/42, FA - L42 | 16/1739 |

| | | | |
|---------------|------------------------------|-------------|-------------|
| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| 66/2016 | Utval for drift og utvikling | PS | 25.10.2016 |

GBNR 10/42 - Holme - Klage på dispensasjon frå plankrav og rammeløyve til riving av eksisterande hytte og oppføring av einebustad og garasje

Vedlegg:

Godkjenning - GBNR 10/42, Holme - Dispensasjon frå plankrav og rammeløyve - Riving av eksisterande hytte og oppføring av einebustad og garasje


Situasjonsplan og utvendige teikningar

GBNR 10/42 Holme i Meland - Klage

Saksopplysningar:

Tiltak:

Ansvarleg søkjar, arkitekt Mette Kyed Thorson, har på vegne av tiltakshavar, Eirin Moldøy og Trond Vegard Skjold, søkt om rammeløyve til riving av eksisterande hytte og oppføring av einebustad og garasje på gbnr. 10/42, jf. søknad journalført motteke 20.7.2016. Det vart samstundes søkt om dispensasjon frå krav om utbyggingsplan i Reguleringsplan for delar av Holme-Holmeknappen (arealplanid: 125619940907), jf. plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 andre ledd.



Sakshistorikk:

Ved administrativt vedtak av 14.9.2016 vart det gjeve dispensasjon frå krav om utbyggingsplan i Reguleringsplan for delar av Holme-Holmeknappen. Vedtaket vart sendt til Fylkesmannen i Hordaland v/kommunal- og samfunnsplanavdelinga og Hordaland fylkeskommune

v/regionalavdelinga for klagevurdering, men det er ikkje kome klage frå sektormynde.

Det kom inn klage frå Ture Andersen i e-post, journalført motteke 15.9.2016.

Nærare om innhaldet i klaga:

Klagar viser til at byggjesaka ikkje har vore lagt fram for fylkeskonservatoren for uttale før handsaming, slik Reguleringsplan for delar av Holme-Holmeknappen legg til grunn at den skal. Han meiner at dette er grov sakshandsamingsfeil, og klagar difor saka inn for Fylkesmannen i Hordaland.

Vurdering:

Lov- og plangrunnlag – Rettsleg utgangspunkt for kommunen si klagevurdering:

Kommunen skal vurdere saka på bakgrunn av den klaga som er satt fram. Det følgjer av forvaltningslova (fvl) § 33 andre ledd at underinstansen «skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrundet.»

Ein reguleringsplan er bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak som nemnt i pbl § 1-6, jf. pbl § 12-4 første ledd. I følgje reguleringsføresegnene til Reguleringsplan for delar av Holme-Holmeknappen skal byggjesaker leggjast fram for fylkeskonservator til uttale før handsaming i hovudutval tekniske saker.

Administrasjonen har vurdert det slik at det i all hovudsak er byggjesaker i nærleiken av Holmestova som må leggjast fram for fylkeskonservatoren. Ettersom omsøkt eigedom ikkje ligg nært Holmestova, var vår vurdering av det ikkje var nødvendig å leggje søknaden fram for fylkeskonservatoren. I tillegg har søknaden vore vurdert av tenesteområde Kultur. Kultur hadde ingen merknadar til søknaden ut over trong for tilbakeføring av terrenget på eigedomen (ubyggd areal).

At søknaden ikkje var lagt fram for fylkeskonservatoren før handsaming er ein sakshandsamingsfeil som kan innebere at vedtak om dispensasjon frå plankrav og rammeløyve for riving av hytte og oppføring av einebustad og garasje er ugyldig. Administrasjonen kan likevel ikkje sjå at feilen kan ha verka bestemmande på innhaldet i vedtaket, ettersom eigedomen ikkje ligg i nærleiken av Holmestova. Dette inneber at vedtaket er gyldig, jf. fvl § 41.

Ettersom vedtaket vart sendt til Hordaland fylkeskommune for klagevurdering har fylkeskonservatoren fått høve til å klage på vedtaket. Kommunen har ikkje motteke klage frå fylkeskommunen. Administrasjonen finn difor at ein mogleg sakshandsamingsfeil uansett er reparert i klageomgangen, og kan ikkje sjå at det er grunnlag for å endre vedtak datert 14.9.2016, saknr: 299/2016, jf. fvl § 33 andre ledd.

Vidare handsaming:

Dersom Utval for drift og utvikling (UDU) følgjer rådmannen sitt framlegg til vedtak nedanfor og ikkje tek klaga til følgje, vert saka sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Dersom UDU tek klaga til følgje, skal tiltakshavar varslast og vil ha høve til å klage på vedtaket. Klaga skal stilast til Meland kommune. Viss UDU ikkje tek denne klaga til følgje, vert saka sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Framlegg til vedtak:

«Utval for drift og utvikling finn at klaga journalført 15.9.2016 ikkje inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at løyve datert 14.9.2016, sak 299/2016, vert gjort om. Klaga vert difor ikkje teken til følgje. Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

Utval for drift og utvikling - 66/2016**UDU - behandling:****UDU - vedtak:**

«Utval for drift og utvikling finn at klaga journalført 15.9.2016 ikkje inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at løyve datert 14.9.2016, sak 299/2016, vert gjort om. Klaga vert difor ikkje teken til følgje. Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»